

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2017/2314-102

**Saksbehandlar**

Odd Ivar Øvregård

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
	Kommunestyret	

## Alternativ drift av Varaldsøy aldersheim

### Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad kommunestyre tek orienteringa til vitande og har ikkje merknader til den løysinga som vert skissert i saka.

### Saksutgreiing:

Rådmannen har hatt tre møter med Saniteten på Varaldsøy i 2017, før budsjettet vart lagt fram, for å kome fram til løysingar for vidare bruk av bygningane ved Varaldsøy Aldersheim. Det har og vore drøftingar med dei om tenestetilbod for øya.

Før rådmannen la fram sitt budsjettframlegg hadde ein konkludert om ei løysing bortsett frå eit punkt som omhandla vakt/beredskap på øya på natt. I siste møtet før budsjettet vart lagt fram bad sanitetslaget om at rådmannen vurderte nøye om det var mogleg å finne fram til ei løysing på denne utfordringa også. Rådmannen fremja i budsjettet framlegg om å legge inn kr 600.000,- til tiltak for å sikre framtidig tilbod på Varaldsøy. Det var avsett kr 400.000,- til dag-aktivitet og kr 200.000,- til vaktordning på natt.

I dette framlegget var alle tilhøve som var ønskt i dei tre møta tatt med.

I budsjettet vedtok kommunestyret fyljande:

27)

*Drifta av institusjonsplassane ved Varaldsøy Aldersheim vert avslutta. Rådmannen får i oppdrag snarast å leggja fram sak til Kommunestyret om alternativ drift av Varaldsøy Aldersheim.*

Rådmannen har streva litt med å tolke dette punktet. Av den grunn vert denne orienteringssaka lagt fram som hastesak allereie på dette kommunestyremøtet. Utfordringa er om kommunestyret meiner at kommunen skal gå inn for å etablere anna drift i bygningane enn det som rådmannen hadde fått ønskje om frå representantar frå øya. Dette utifrå ordlyden: **leggja fram sak til Kommunestyret om alternativ drift av Varaldsøy Aldersheim.**

Rådmannen hadde 13.12.2017 nytt møte med Varaldsøy Sanitetslag og tilsette frå Varaldsøy samt leiinga for tenesta. Der vart dei løysingar som vart fremja og vedteke i budsjettet drøfta. Alle deltakarane var heilt samde om at det som er vedteke i budsjettet er fullt ut tenleg og ei akseptabel løysing.

Dette betyr:

1. Varaldsøy Aldersheim vert framleis base for dei tilsette i heimebasert teneste som skal yte teneste til tenestemottakarar på øya. Trongen for teneste vil avgjere kor mange som har base der. Dei tilsette vil vere sikra arbeid fult ut i andre delar av eininga for Heimetenester Nord.
2. Det vert dag-avdeling/aktivitetsdag minst ein dag i veka. Dette vert i nært samarbeid med sanitetslaget som vil prøve å organisere aktivitetsdagar utover den eine dagen som vert fast.
3. Det vert vaktordning på øya dersom ein kjem fram til ein avtale / ordning som dei tilsette kan akseptere. Dei tilsette seier seg viljug til å delta. Etter framlegg frå saniteten er kommunen viljug til å bruke noko meir midlar enn kr 200.000,- til dette og heller bruke noko mindre på dag-aktivitet. Alle partar meiner dette er akseptabelt. Det er og semje om at denne ordninga skal vere ei prøveordning i 1 år + 1 år. Dvs det skal evaluerast etter 1 år korleis det fungerer, men ein føreset at det skal vere 2 år før det vert vurdert om tilbodet evt skal leggest ned.
4. Det skal etablerast omsorgsbustader i bygningsmassen ved Varaldsøy Aldersheim. Det er aktuelt med 3 omsorgsbustader. Det vert opna for at det kan etablerast slike løysingar frå fyrste dag institusjonen vert lagt ned. Det vert ikkje døgnbemanning i bygninga. Dei som bur der får same tilbod og løysing som andre som bur på øya. Rådmannen tek opp fornying og ombygging av bustadane i samband med vidare handsaming av Bustadpakken for Kvinnherad kommune.

Det er Varaldsøy sanitetslag som er eigar av bygget. Kvinnherad kommune vil gjerne vere med å legge til rette for at anna aktivitet av ulikt slag vert etablert i bygningane. Det er likevel rådmannen sitt synspunkt at i denne omgang er dei løysingane som ligg i budsjettet og dei løysingane vi saman har funne for å realisere budsjettet akseptabel oppfølging av pkt 27 i budsjettvedtaket.

**Økonomisk konsekvens:**

**Miljømessig konsekvens:**

Vedlegg: